

Rapport og rekneskap

Lese er for hjernen, det mosjon er for kroppen – eit formidlingsprosjekt i tre deler

Stryn bibliotek søkte i 2021 midlar til prosjektet «Lese er for hjernen, det mosjon er for kroppen – eit formidlingsprosjekt i tre deler»

Målsetting

Målet for prosjektet var å nå ut til grupper vi såg lite av på biblioteket, gjere biblioteket meir synleg, auke leselysta og få fleire brukarar/auke utlånet vårt. I tillegg var det eit mål at alle på biblioteket skulle auke formidlingskompetansen sin.

Gjennomføring

Dette var eit prosjekt som var tenkt å starte opp våren 2021, og så halde fram heile året. På grunn av at det framleis var restriksjonar knytt til korona var det vanskeleg å komme i gong før hausten 2021. Vi søkte difor om ei utsetjing av bruk av midlane til 2022, på grunn av at vi ikkje hadde fått gjennomført alt av program. Dette fekk vi innvilga.

Vi vart samde om ei fordeling og hadde kvart vårt ansvarsområde i prosjektet. Ein bibliotekar hadde ansvaret for bedrifter, ein anna for idrettslag og to andre tok seg av den eldre målgruppa. Biblioteksjef hadde eit overordna ansvar for prosjektet. Det var likevel slik at kvar enkelt hadde ansvar for å halde kontakta med målgruppa si, og planlegge og gjennomføre arrangementa/møtepunkta. Dette var viktig for å føle mest mogeleg eigarskap til prosjektet.

Besøk til idrettslag

Når det gjaldt den yngre målgruppa så var det aldersbestemt fotball vi hadde tenkt å konsentrere oss om. Vi ville invitere oss ut på fotballtreningar og gjere litteratur og formidling aktuelt for denne aldersgruppa der dei møttest. I Stryn står fotballen sterkt, så vi visste at vi ville møte mange der. Det vi ikkje tenkte var at fotballen ville vere negativ til at vi ønskte å komme ut til dei. Vi kontakta den største fotballklubben i kommunen for å høyre om dette var mogeleg, men sjølv om dei støtta tanken om at barn burde lese meir, og at det kunne vere lurt å komme ut der barna var, så ville dei likevel ikkje inngå i noko samarbeid om dette. Vi hadde ikkje noko anna mogelegheit enn å ta dette til etterretning. Det vi då gjorde var å kontakte eit par mindre fotballklubbar i kommunen, som var positive. Vi var difor på besøk på fotballtreningar til Oppstryn idrettslag og Veten idrettslag. Dette var såpass positivt at vi også inngjekk eit samarbeid med Markane idrettslag om å besøke dei på

skileiktreningar på vinteren. Dette løyste vi ved at vi fekk lov å nytte arrangementsbygget deira etter skileiken. Vi laga enkel kveldsmat til barna og formidla høgtlesing for dei. Dette var stor suksess. På treningane til fotballaga var det formidlinga av ulike bøker og høgtlesing frå dei som vart formidla. Vi gjennomførte fire besøk til fotballaga og eitt til idrettslaget med skileik. Det vart vanskeleg å sette att depot til desse idrettslaga pga. logistikken gjekk ikkje heilt i hop og det var ingen eigna stadar å ha depotet.



Bedriftsbesøk

Vi byrja med å kontakte fleire bedrifter for å kartlegge interessa. Nokre høyrde vi aldri noko meir ifrå, og dersom vi ikkje høyrde noko etter å ha kontakta dei igjen så gjekk vi utifrå at dei ikkje var interesserte. Dei fleste var likevel positive. I utgangspunktet var det ei bedrift vi hadde tenkt å konsentrere oss om, men sidan interessa var der så besøkte vi fleire bedrifter. Vi fekk kontakt med fire bedrifter: Stryn møbel, Gym Stryn, Vendanor og Nomek. Bibliotekaren besøkte bedriftene og informerte om biblioteket og dei tenestene vi kunne bidra med. Vi informerte også om dei ulike bøkene i depotet, og kva det innebar å ha eit depot hos seg. Vi skifta også ut depot etter bruk. Vi har framleis depot ståande hos to av bedriftene, og har inntrykk av at dette vert brukt.

Eldre

Når det gjaldt kontakt med dei eldre så gjekk dette også litt trådt i starten. Det var vanskeleg å inngå noko samarbeid med pensjonistlaget pga. lite interesse. Vi måtte også her vende oss til andre samarbeidspartnarar. I staden for eit samarbeid med pensjonistlaget fekk vi besøke

ei lokal foreining for eldre i eitt av bygdelaga. Der var vi på besøk og informerte om biblioteket, las litt og sette ut depot. Dette var ein suksess og vi gjentok besøk der. I tillegg var vi på ein møteplass i kulturhuset for pensjonistar. Her fekk vi gjennomført same opplegg, men vi sette ikkje att noko depot. Vi oppretta også kontakt med eitt av omsorgssentera i kommunen. Det andre omsorgssenteret viste ikkje noko interesse når vi vendte oss til dei. Vi sette opp eit fast depot på omsorgssenteret som vi skifta ut ved behov. Vi gjennomførte også formidlingsoppdrag der. Her var det først og fremst kortare historier og lokale forteljingar vi formidla. På depotet prøvde vi å sette ut litt ulike typar bøker som kunne passe både dei som var demente og dei som var meir oppegåande fysisk og psykisk. Vi fekk også tips til bøker frå bebuarar og tilsette.

Resultat

Ein av målsetjingane var å gjere biblioteket meir synleg til grupper vi såg lite av på biblioteket. Grunnen til at vi tenkte fotballag var at vi håpte å nå litt eldre barn/ungdomar. Det vart vanskeleg å nå dei eldste sidan vi ikkje oppnådde den kontakta vi ønskte med dei første vi kontakta. Dei vi formidla til var difor ei litt yngre målgruppe i barneskulealder. Fleire av desse var allereie brukarar av biblioteket, men tilbakemeldingane var positive for tiltaket og vi kunne sjå at det kom inn litt nye brukarar etter formidlingsoppdraga var gjennomført.

Det som vi syntest var det mest positive ved besøka i bedriftene var at vi nådde ut til ein del minoritetsspråklege. Det var spesielt den eine bedrifta som hadde ein del minoritetsspråklege tilsette. Vi har alltid hatt ein del depot på andre språk ståande i biblioteket frå Det flerspråklige bibliotek, men vi har hatt litt problem med å marknadsføre det til målgruppene. Dette fekk vi no gjort på ein betre måte. Vi såg også at dei lånte ein god del av bøkene i depotet som stod i bedrifta.

Det er vanskeleg å seie kor mykje utlån og besøk vart påverka av dette prosjektet i høve til andre ting vi driv på med i biblioteket. Det var spesielle tider då vi starta prosjektet, der besøk og utlån sjølv sagt hadde gått mykje ned i 2020, og det tok tid å komme opp på vanleg nivå att. Vi har hatt stigande utlånstal og besøkstal i 2021, og i 2022 var eit veldig god utlåns- og besøksår. Vi var tilbake på 2019-nivå, som til då hadde vore det beste året nokon gong når det gjaldt utlån og besøk. Spesielt besøket låg endå høgare enn i 2019, medan utlånstala var nokolunde like. Kor mykje som skyldast dette prosjektet er vanskeleg å seie, men vi er overtydde om at det har hatt litt å seie, og at vi har fått nokon nye besøkande og betre omdømme på grunn av den utåtvende verksemda.

Slik som det var på biblioteket fram til vi sendte søknaden så var det ikkje alle som brukte formidling i like stor grad i arbeidet sitt. Det var eit mål at alle skulle delta i dette prosjektet, men sidan det var ulike grupper vi skulle nå så skulle dei som formidle vere mest mogeleg komfortable med kven dei formidla til. Det var gledeleg at alle dei tilsette formidla litteratur ut til ulike grupper. Det er framleis slik at det ikkje er alle som er like komfortable med det, men det å få prøve og sjå at ein meistarar er viktig. Nokre er blitt meir komfortable med rolla, og kan no formidle til grupper som dei ikkje formidla til før. Vi har hatt nokre utskiftingar i staben sidan prosjektet starta, men den kompetansen som dei resterande opparbeida seg trur vi skal komme godt til nytte i bibliotekarbeidet vidare.

Vidare framover

Det er eit mål at vi skal halde fram med desse tenestene som vi har utvikla. Førebels har vi ikkje fått gjort noko med det på grunn av at vi har hatt litt sjukmelding siste året, og det har vore litt endringar i staben. Vi har framleis depot på omsorgssenter, møteplass for eldre og i bedrifter, og har med litt ujamne mellomrom skifta ut dei. Det vi ser for oss framover er å kunne skape ein møteplass for eldre på biblioteket der vi kan formidle frå våre kompetansefelt. Dette kan vere alt frå høgtlesing til tips til slektsforsking. Vi ønskjer også å halde fram med å tilby bedriftsbesøk, besøk på omsorgssenter og ute i fritidsaktivitetar for barn. Slik som personalsituasjonen er no kan vi ikkje i like stor grad drive oppsøkjande verksemd, men det vil vere eit ståande tilbod dersom nokon tek kontakt med oss. På sikt håpar vi likevel at vi kan få meir faste avtalar på dette.

Rekneskap

Vi fekk 75 000 kr som er brukt til frikjøp av personalet i perioden august 2021 – desember 2022. Biblioteket har 2,5 årsverk fordelt på fire personar, og alle fire tilsette deltok i prosjektet. Vi ser at det står att litt midlar som vi ikkje har brukt endå, ca. 10 000 kr. Vi håpar at det er mogeleg å bruke desse til å vidareføre prosjektet framover i 2023.


Budsjett

Midlar frå Nasjonalbiblioteket	75 000 kr
Eigenandel	<u>25 000 kr</u>
I alt	100 000 kr

Rekneskap

Frikjøp personale	75 000 kr
Innkjøp mat, transport, marknadsføring, bakkasser	<u>15 000 kr</u>
I alt	90 000 kr

Stryn bibliotek, 22. februar 2023


Kristin Hatledal

Biblioteksjef, Stryn bibliotek

